

STORT OG SMÅTT FRÅ NORDHORDLAND



BYTT: Ta vare på miljøet og byt festklede i staden for å kjøpe deg nytt.

Byt til deg ein finkjole

Etter ein klesbytedag sat Hege Aga igjen med fleire kjoler. Då fekk ho ein idé.

Av Silje Alvsaker
silje@strilen.no

Naturvernforbundet arrangerar kvart år klesbytedagen 1. april. Dette har blitt den store klesbytedagen.

Produksjon og transport av klede er forurensande og krevjar ressursar, og difor oppmodar

forbundet om at byte klede i staden for å kjøpe nye.

Også på Fedje hadde dei si eige bytedag, og mange klede fekk nye eigarar.

Etter at bytedagen var over sat dei igjen med vel 100 plagg som Fretex fekk, men kjolane tok Hege vare på.

No heng dei på eit stativ på kafeen hennar. Dermed kan ein kan byte når ein vil. Regelen er: Heng frå deg ein kjole, ta med deg ein kjole.

Meld inn arrangement til Kystsogevekene

NORDHORDLAND: Skal ditt arrangement med i programheftet, må du komma med det innan 1. mai. Det er meldinga frå Kjell Magnus Økland, som er dagleg leiar i Kystsogevekene. Medan leveringsfristen for det som skal med i programheftet i er 1. mai, er fristen for å søka arrangementsstønad frå Kystsogevekene 1. juni. Det vert feiring av kystkulturen i 22 kommunar frå Gulen i nord til Sveio i sør under Kystsogevekene, som i år går frå laurdag 12. august til søndag 17. september. Opninga er i år lagt til Strusshamn på Askøy. Du finn meir informasjon på www.kystsogevekene.no.



VINNAR: I 2015 var det Steffen Vestheim Sævdal som vart overrekket stipendet frå Cato Plettens Minnefond. Her saman med foreldra til Cato, Helge og Reidun, og ordførar Jon Askeland til høgre.

Foto: Arkiv

Treng kandidatar til lokal minnepris

Radøy kommune treng gode kandidatar til Cato Pletten minnefond.

Silje Alvsaker

Sidan starten i 1993 har fondet delt ut nesten 84.000 kroner til unge talent i Radøy kommune. Både organisasjonar og enkelt-personar kan koma med forslag på kandidatar.

Cato Pletten var eit lokalt fotballtalent som omkom i ei tragisk ulukke i juli 1992. Radøy IL tok initiativet til minnefondet

som vert tildelt talent under 17 år, anten utøvarar eller ungdom som viser framtrekande eigenskapar på leiarsida.

Styret i minnefondet skal kvart år dela ut stipend til ein eller fleire unge talent innanfor dei ulike kulturaktivitetane som er i Radøy, anten som utøvar eller administrator/leiar. Vedkomande må bu i Radøy og vera 17 år eller yngre i tildelingsåret. Kvart stipend skal vera på mellom 2000 og 5000 kroner, og kandidaten skal nytta stipendet til vidareutvikling av talentet sitt.

Hytte brann ned

LINDÅS: Tysdag i 11-tida fekk politiet melding om brann i ei hytte på Nordre Soltveit i Alverstraumen. – Eine delen av hytta er heilt overtent. Me jobbar med utvendig sløkking her. Røykdykkarar er på plass og går inn i den delen av hytta der det berre er røyk. Me har ikkje opplysningar om at de skal vera folk inne, sa vakthavande i Lindås og Meland Brannvern ei stund etter at dei kom til staden.

Operasjonsleiar i Vest politidistrikt uttalte at politiet heller ikkje hadde opplysningar om at det skulle vera folk i hytta då brannen braut ut.

Ved 11.40-tida blei det meldt om at ein hadde kontroll på brannen, og at det blei drive ettersløkking.

Vaktkommandør Ole Jakob Hartvigsen ved 110 alarmsentralen fortalte at det blei sendt mannskap både frå Manger og Lindås og Meland Brannvern då alarmen gjekk.



Taket er husets viktigste fasade. Skift til et tak som øker husets verdi!



Eikanger Bygg har dyktige håndverkere som hjelper deg hele veien - fra planlegging til ferdig lagt tak.

Ta kontakt for en gratis befaring og et godt tilbud på ditt nye tak!



eikangerbygg@gmail.com - 91 91 91 56



Dugnadskonsert

i Knarvik kyrkje søndag 23. april kl. 19.00

All inntekt frå denne konserten går til innreiing av barne- og ungdomsavdelinga i 1. etg. i Knarvik Kyrkje

MEDVERKANDE

- Ingvild Fagna
- Knarvik skulekorps
- Alversund kammerkor
- Jørn Skauge
- Claus Sellevoll
- Hjelmås mannskor
- Astrid Aarhus Byrknes og Leif Seire
- Knarvik Gospel
- Torgeir Paulsen og Boris Kuprijanov



Ingvild Fagna



Astrid Aarhus Byrknes



Leif Seire



Jørn Skauge



Konferansier:
Inge Alver



Torgeir Paulsen



Boris Kuprijanov



Klaus Sellevoll

KONSERTEN ER GRATIS, MEN DET VERT HØVE TIL Å GJE EI GÅVE SOM GÅR TIL INNREIING AV 1. ETG. I KYRKJA